

## Årsmelding 2011



Opne fagseminar er ein viktige for formidlingsaktivitet ved GAMUT. Her er nokre av deltakarane på seminaret med Bruce Wampold om den kontekstuelle modellen for psykoterapi, eit seminar som sprang ut av kvalitative og kvantitative prosjekt knytt til ressursorientert musikkterapi.

---

# Innhold

DEL 1: INNLEIING OG OVERSIKT .....	2
Bakgrunn, mål og strategi .....	2
Tilbakeblikk og oppsummering .....	2
DEL 2: RAMMER OG VILKÅR.....	4
Organisasjon og økonomi.....	4
Samarbeidsrelasjonar innan UiB og Uni Helse .....	4
Andre samarbeidsrelasjonar .....	5
DEL 3: FAGLEG AKTIVITET .....	6
Forskningsprosjekt i regi av GAMUT .....	6
Arbeid med SFF-søknad.....	8
Arbeid med musikkterapiutstilling på VilVite .....	8
Tidsskriftsdrift.....	8
Publisering og andre formidlingsoppgåver .....	9
DEL 4: PRIORITERTE SATSINGAR OG VIDARE UTVIKLING.....	11
Rammer for utvikling.....	11
Tematiske satsingsområde .....	11
Aktuelle utviklingsområde .....	12
DEL 5: VEDLEGG.....	13
Vedlegg 1 – Rekneskap.....	13
Vedlegg 2 – Personale .....	14
Vedlegg 3 – Nokre nyhende, frå vevsida <a href="http://www.gamut.no">www.gamut.no</a> .....	15
Vedlegg 4 – Liste over publikasjonar og faglege presentasjonar .....	16

## DEL 1: INNLEIING OG OVERSIKT

### Bakgrunn, mål og strategi

GAMUT – Griegakademiets senter for musikkterapiforskning vart etablert hausten 2006, samstundes som musikkterapi vart etablert som fag ved Universitetet i Bergen. UiB og Uni Helse samarbeider om å utvikle GAMUT. Utvikling av forskingssenteret er såleis nært knytt til utvikling av musikkterapistudiet og musikkterapi som universitetsfag ved UiB. Denne årsmeldinga vil likevel ikkje omtale utvikling av musikkterapistudiet, anna enn for tema og prosessar som er direkte relaterte til utvikling av forskingssenteret.

Gjeldande mål og strategi for GAMUT vart formulerte i januar 2008 (sjå “Om oss” på senteret si heimeside). Det er i 2011 ikkje gjort vesentlege endringar i høve til mål og strategi, så vi skal her berre oppsummere nokre hovudtrekk:

#### Mål

- Å utvikle eit norsk musikkterapeutisk forskingssenter på høgste internasjonale nivå
- Å sikre adekvat kunnskapsutvikling innan universitetsfaget musikkterapi
- Å utvikle samfunnsrelevant kunnskap om samanhengar mellom musikk, helse og utvikling, for bruk i m.a. helsevesenet, sosialtenesta, skulesektoren og kultursektoren.

#### Arbeidsområde

GAMUT forskar på forholdet mellom musikk og helse, i kliniske og kvardagslege samanhengar. Forskingsresultat vert i hovudsak publiserte i fagfelleverderte internasjonale tidsskrift og i monografar/bøker. Konkrete formidlingsaktivitetar utover dette omfattar kronikkar og andre former for popularisert formidling, rettleiing for aktuelle fagpersonar og miljø og dessutan populariserte forskingsbaserte kurs og foredrag.

GAMUT er vidare ein sentral aktør innan publisering av internasjonale musikkterapididsskrift, som utgjevar av det verdsomspennande tidsskriftet *Voices: A World Forum for Music Therapy* (nivå 1, Open Access) og det internasjonale tidsskriftet *Nordic Journal of Music Therapy* (nivå 2, drive i samarbeid med Routledge).

#### Strategi

Sentrale strategiar for utvikling av GAMUT er: Utvikling av eit tett samarbeid mellom musikkterapiforskarane ved UiB og Uni Helse

- Inkludering av og samarbeid med masterstudentar og doktorgradskandidatar
- Tverrfagleg samarbeid med aktuelle forskingsmiljø

ved UiB og Uni helse

- Tverrfagleg samarbeid med regionale og nasjonale institusjonar
- Samarbeid i internasjonale forskingsnettverk

### Tilbakeblikk og oppsummering

#### Nytt og godt

Fagmiljøet ved GAMUT flytta i 2011 frå kontorlokale i St. Jakobs plass 9 til større og betre lokale i Lars Hillesgt. 19. Truleg er dette lokale som vil kunne fungere fram til fagmiljøet om nokre år kan flytte inn i Nygård skule, saman med resten av Griegakademiet.

Viktige nyttilsetjingar i fagmiljøet i 2011 er: Merethe Wolf Lindvall i engasjement som universitetslektor, Wolfgang Schmid i ei fast førsteamanuensisstilling knytt til musikkterapistudiet (den femte fagstillinga ved studiet), Geir Olve Skeie i engasjement som professor II i nevrologi og Anna Helle-Valle i ei stipendiatstilling (den andre UiB-finansierte stipendiaten ved GAMUT).

NFR gjennomførte i 2011 ei fagevaluering av forskinga i biologi, medisin og helsefag. Evalueringa vart kjend i november 2011. GAMUT fekk særst gode skussmål, der forskinga vart evaluert til å liggje i den internasjonale forskingsfronten innan fagfeltet. Senteret si forskning får karakteren “very good” og panelet trekkjer fram som ein styrkje at GAMUT er i stand til å levere forskning av høg kvalitet både innan kvalitative og kvantitative metodar.

#### Utfordringar

2011 var prega av tre hovudutfordringar, nemleg a) konsolidering av fagmiljøet etter at UiB styrkte satsinga si på musikkterapi i 2010 ved å etablere eit femårig integrert masterprogram i musikkterapi, b) utvikling av forskaropplæringa gjennom oppbygginga av Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies, c) heving av forskingsambisjonane gjennom arbeid med ein søknad om status som senter for framifrå forskning (SFF).

Ad a): Det femårige integrert masterprogrammet i musikkterapi vil styrkje musikkterapi som profesjonsutdanning og forskingsdisiplin monaleg. Eit nytt studium, med fleire nye emne og eit heilt nytt og mykje meir omfattande studieløp enn tidlegare krev tett oppfølging av fagpersonalet for å få den kvaliteten det må ha. I ein oppbyggingsfase (truleg fram til 2014-2015) vil fagpersonalet i UiB-stillingane difor oppleve eit sterkt arbeidspress. 2011 bar i høgste grad preg av dette, til tider på måtar som truga tid til forskning. Dette er kanskje ein nødvendig kostnad eit år etter oppstart av eit nytt studium,

men bør endrast raskast mogeleg komande år. Dette handlar m.a. om å få ressursar på plass til den 6. universitetsstillinga som studiet treng.

Ad b): Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies vart opna i desember 2010 og er etablert gjennom eit samarbeid i Musikknett Vest, med følgjande samarbeidande institusjonar: Høgskulen i Volda, Høgskolen i Bergen, Høgskulen Stord/Haugesund og Universitetet i Bergen. Forskarskulen vil sikre god forskarutdanning i musikkterapi og vil sikre at kandidatar utviklar god tverrfagleg forståing. På same måte som for det femårige integrerte masterprogrammet, men sjølvstendig i mindre grad av di aktiviteten er meir avgrensa, er forskarskulen inne i ein krevjande oppbyggingsfase.

Ad c): Som skissert i årsmeldinga for 2010, er det behov for å styrkje rammene for forskingsaktiviteten ved GAMUT, m.a. ved å få tilført fleire seniorstillingar, fleire stipendiatstillingar og fleire postdoktorstillingar. Som eitt initiativ i denne retning, vart det utvikla ein SFF-søknad i 2011. Arbeidet med søknaden vart svært krevjande, i kombinasjon med oppbygginga av masterstudiet og forskarskulen. Noko av det positive som kom ut av prosessen var at samarbeidsrelasjonar vart styrkt, lokalt og internasjonalt. Søknaden hadde tittelen "GAMUT Centre for the Study of Music and Change" og vart levert inn i juni 2011. I november kom evalueringa frå det internasjonale ekspertpanelet. Tilbakemeldinga var særers positiv, med toppevaluering på alle punkt.

### **Samfunnskontakt, praksisrelevans og samarbeidsrelasjonar**

Her vil vi kort skissere nokre av dei meir kontinuerlege arbeidsprosessane for utvikling av senteret i 2011. For meir detaljert informasjon, viser vi til Del 3 og ulike vedlegg.

Som tidlegare år har fagmiljøet ved GAMUT også i 2011 vore aktivt i høve til generering av musikkterapeutisk praksis i Bergen. Dette ser vi som avgjerande for utvikling både av musikkterapistudiet ved UiB og av GAMUT som forskingssenter.

Viktigaste reiskapen for samfunnskontakt og samfunnsdeltaking er elles publisering og ulike former for formidling. Vitskapleg publisering i 2011 har vore noko lågare enn det som har vore snittet for GAMUT, noko ein må sjå i samanheng med krevjande utviklingsprosessar dei siste åra (sjå over).

Populærvitskapleg formidling har vore omfattande. M.a. har GAMUT samarbeidd tett med opplevings- og læringsssenteret VilVite gjennom heile året, med utvikling av ei ny (permanent) musikkterapiutstilling. Dette er det første opplevings- og læringsssenteret for vitskap med ei slik utstilling, det vi er kjende med. Utstillinga vart synt fram for publikum for første gong 2. desember, under konferansen "Musikkens virkning", medan offisiell opning (med helseministeren) er planlagt i januar 2012.

### **NFR-finansierte prosjekt**

Prosjektet "Resource-oriented music therapy for psychiatric patients with low therapy motivation: Randomised controlled trial," finansierte av NFR sitt program for psykisk helse, vart avslutta i første halvdel av 2011. Mot slutten av året fekk vi den gledelege meldinga om at NFR vil støtte prosjektet "Autisme - musikkterapi for barn med ASD (TIME-A)". Dette er ein internasjonal RCT, der ein vil undersøkje om musikkterapi kan være et effektivt tiltak for å styrke den sosiale kompetanse til barn med autisme. Prosjektet fekk støtte frå to ulike program i NFR, og fekk difor samla ca. 15 millionar kr. Kick off for prosjektet vart i 2012.

### **Andre prosjekt**

Samarbeidet med University of Jyväskylä er vidareført og likeeins Golds pilotprosjekt innan kriminalomsorg, det siste med finansiering av Sosial- og helse-direktoratet, GC Rieber Fondene og Kriminalomsorgen Vest. Andre større eksternt finansierte prosjekt, som "Nettverket musikk og eldre: Samarbeid om forskning og kunnskapsutvikling om musikk, musikkterapi og eldre" med finansiering frå GC Rieber Fondene, er også vidareført. Dessutan er nye PhD-prosjekt og postdoktorprosjekt komne til, sjå del 3.

Innanfor UiB-delen av forskingsressursen er der fleire pågåande prosjekt, m.a. Rolvsjords kvalitative utforskning av ressursorientert musikkterapi i psykisk helsearbeid og Stiges arbeid med eit teoretisk grunnlag for samfunnsmusikkterapien.

### **Tidsskriftsdrift**

For *Nordic Journal of Music Therapy* har samarbeidet med Routledge funne si form og tidsskriftet er inne i ei svært positiv utvikling. I 2011 vart publikasjonsfrekvensen auka frå 2 til 3 nummer per år. *Voices: A World Forum for Music Therapy* gjennomførte fleire endringar i 2010, med konsekvensar for arbeidet i 2011, m.a. med ny grafisk profil og overgang til Open Journal System. I 2011 var tidsskriftet inne i ein krevjande overgangsfase, der ein gradvis har prøvd å styrkje profilen som eit vitskapleg tidsskrift, utan å miste den inkluderande, samfunnsorienterte profilen som tidsskriftet har hatt.

## DEL 2: RAMMER OG VILKÅR

### Organisasjon og økonomi

GAMUT har forankring både som forskingsgruppe ved Griegakademiet, UiB, og som ei eining under Uni helse. Samspelet mellom UiB og Uni er ein føresetnad og avgjerande styrke for forskingssenteret. Som nemnd i Del 1, etableringa av det nye musikkterapistudiet og av forskarskulen og dessutan utvikling av ein SFF-søknad og eit større formildingsprosjekt ved VilVite har skapt eit hardt arbeidspress for dei UiB-tilsette i 2011. Det er i åra framover behov for å styrkje rammene for forskingsaktiviteten, både i UiB-delen og Uni-delen av senteret. Det er både behov for fleire seniorstillingar og fleire stipendiat- og postdoktorstillingar.

Medrekna stipendiatar og andre mellombelse stillingar, har 14 fagpersonar og 2 førstekonsulentar på ulike vis vore knytt til GAMUT-prosjekt i 2011 (sjå Vedlegg 2).

#### Finansiering og økonomi 2011

Aktiviteten i GAMUT er i balanse økonomisk, sjå Vedlegg 1. Omsetjinga har gått litt ned samanlikna med 2010, m.a. av di Karin Mössler si postdoktorstilling vart avslutta ved fullført periode. Følgjande kjelder har stått for ekstern prosjektfinansiering i 2011 (alfabetisk rekkefølge):

- Aleris Ungplan Region Vest
- Centre for Arts Therapies Research, Roehampton University, London
- Ekstramidler Helse- og rehabilitering
- GC Rieber Fondene
- Griegakademiet – institutt for musikk
- Grieg Foundation
- Nordisk publiseringsnemnd for humanistiske og vitenskapelige tidsskrifter (NOP-HS)
- Norges forskningsråd
- Routledge (Taylor & Francis)
- University of Jyväskylä
- University of Melbourne

### Samarbeidsrelasjonar innan UiB og Uni Helse

Samarbeidet mellom musikkterapifaget ved UiB og forskingssenteret ved Uni Helse er heilt sentralt for GAMUT. Det er vanskeleg å tenkje seg det eine miljøet utan det andre. I tillegg til dette faginterne samarbeidet, legg fagmiljøet vekt på å utvikle ulike tverrfaglege samarbeidsrelasjonar. Nedanfor vil vi kort skissere arbeidet med dette i 2011. Samla sett har GAMUT eit svært gode nettverk, der eksisterande relasjonar genererer nye.

### Humanistiske fag

Etnomusikologi og musikkvitenskap er nærskyldte fag som det er naturleg å ha kontakt med. Kontakten låg i 2011 på eit lågt nivå, då studiet i musikkvitenskap for tida "ligg på is." Det er likevel ein regelmessig kontakt og musikkterapi miljøet er innstilte på å vere ein partner i oppbygginga av musikkvitenskapen. Postdoktor Jill Halstead vil ha ei viktig rolle i dette.

### Medisinske fag

Gjennom Uni helse er det etablert fruktbar kontakt og samarbeid med Allmenntilleggsmedisinsk forskningsenhet. Gjennom Haukeland universitetssykehus har det utvikla seg eit samarbeid i høve til nevrorehabilitering, med prosjektsamarbeid med overlege Geir Olve Skeie.

### Psykologiske fag

Samarbeidet med ulike psykologiske fagmiljø er m.a. i høve til kriminalomsorg (Anita Hansen) og samfunnspsykologi (Leif Edvard Aarø). Det er dessutan etablert eit fruktbart samarbeid med fagmiljøet i klinisk psykologi ved UiB (særleg Per-Einar Binder og Helge Holgersen). Vidare er det etablert ein god samarbeidsdialog med Regionsenter for barn og unges psykiske helse (RBUP) Vest.

#### ORGANISASJON 2011

Forskningsleiar  
Brynjulf Stige

Programkoordinator UiB  
Randi Rolvsjord (fram til juli 2011)  
Simon Gilbertson (frå august 2011)

Prosjektleiarar eksternt finansierte prosjekt  
Christian Gold og Brynjulf Stige

Redaktør *NJMT*  
Christian Gold

Redaktørar *Voices*  
Brynjulf Stige, Cheryl Dileo (USA) og  
Carolyn Kenny (USA)

Førstekonsulent *NJMT/Voices*  
Rune Rolvsjord

Førstekonsulent GAMUT  
Liv Gunnhild Qvale

I samband med utviklinga av SFF-søknaden vart gjode samarbeidsrelasjonar utvikla med professor Karsten Specht ved fMRI-gruppa ved Institutt for biologisk og medisinsk psykologi og professor Inger Hilde Nordhus, Institutt for klinisk psykologi, begge ved Psykologisk fakultet ved UiB.

## Andre samarbeidsrelasjonar

Fagmiljøet i musikkterapi har ein tradisjon på å arbeide i faglege nettverk, lokalt/regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Dette har ein arbeidd med å utvikle vidare også i 2011:

### Lokale/regionale nettverk

Formalisert samarbeid er inngått med følgjande instansar:

- Aleris Ungplan Region Vest (gjennom doktorgradsprosjektet til Viggo Krüger)
- Bergen Røde Kors Sykehjem (gjennom doktorgradsprosjektet til Audun Myskja)
- Førde utviklingssenter/Førde helsetun
- Haukeland universitetssykehus/ParkVest
- Høgskulen i Bergen/Senter for omsorgsforskning Vest
- Høgskulen i Sogn og Fjordane/Senter for helseforskning
- Jæren distriktpsikiatriske senter.
- Kriminalomsorgen Vest
- Kulturskulen i Fjell
- Lovisenberg Diakonale Sjukehus (gjennom doktorgradsprosjektet til Hans Petter Solli)
- Løvåsen sykehjem, USHT i Hordaland
- Nordfjord psykiatrisenter
- Olaviken alderspsykiatriske sjukehus
- Opplevings- og læringssenteret VilVite, Bergen
- Pedagogisk fagsenter, Fana
- Sogn og Fjordane fylkessenter for musikkterapi
- Sola distriktpsikiatriske senter
- Stavanger universitetssykehus

Musikkterapifaget er dessutan aktivt med i Musikknett Vest, m.a. gjennom Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies.

### Internasjonale nettverk

Sidan 2008 er UiB og GAMUT medlem av "International Consortium of Music Therapy Research", med ni samarbeidande universitet. Sidan 2011 har GAMUT også vore ein del av "Nordic Network of Research in Music, Culture and Health (MUCH)". Nokre institusjonar er overlappende i dei to nettverka, så dette gjev samarbeidsrelasjonar til følgjande universitet:

- Anglia Ruskin University, Cambridge, England
- Göteborg Universitet
- Katholieke Universiteit, Leuven, Belgia
- Norges musikkhøgskole
- Temple University, Philadelphia, USA
- University of Jyväskylä, Finland
- University of Melbourne, Australia
- University of Queensland, Australia
- Aalborg Universitet

Gjennom konkrete prosjekt, har GAMUT også samarbeidsrelasjonar med følgjande internasjonale miljø:

- Beth Israel Medical Center, New York (gjennom kontakt med Thanks to Scandinavia)
- Centre for Arts Therapies Research, Roehampton University, London, Storbritannia
- Goldsmiths University, London, Storbritannia
- National Music Therapy Research Unit, Melbourne, Australia
- Sunshine Hospital, Melbourne, Australia
- Wagner-Jauregg Landesnervenklinik, Linz, Austerrike

### Nettverk knytt til tidsskriftsdrifta

Tidsskriftet *Voices: A World Forum for Music Therapy* har eit formalisert samarbeid med Antioch University i USA og dessutan tett samarbeid med 20 redaksjonsmedlemmer fordelt på 18 ulike land og institusjonar, der alle kontinent er representerte med minst 2 redaksjonsmedlemmer. Tilsvarende har *Nordic Journal of Music Therapy* tett samarbeid med redaksjonsmedlemmer, redaksjonskontaktar og språkkonsulentar frå 18 ulike universitet og institusjonar i Europa, USA, Asia og Australia.

## DEL 3: FAGLEG AKTIVITET

### Forskningsprosjekt i regi av GAMUT

Hovudaktiviteten i GAMUT er knytt til forskning. Vi gjev her oversyn over GAMUT-prosjekt i 2011. Informasjon vert oppdatert kontinuerleg på nettsidene [www.gamut.no](http://www.gamut.no) For informasjon om publikasjonar, sjå vedlegg 4.

#### **A Qualitative Study of Clients' Roles, Competence and Actions in Resource-oriented Music Therapy**

Tidsperiode: 2010-2013  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Forskar/Prosjektleder: Randi Rolvsjord

#### **Becoming Bodies: An Exploration of the Revolutionary Alliance between Body Politics and Biology – A Science-Art Collaboration (Artistic Research Project)**

Tidsperiode: oktober 2010-oktober 2012  
Finansiering: Centre for Arts Therapies Research, Roehampton University, London  
Involverte forskarar: Jill Halstead and Beatrice Allegranti (Roehampton University, London)

#### **Effektar av musikkterapi for fengselsinnsette: fase 2 (MT-PRIS2)**

Tidsperiode: januar 2010-desember 2012  
Finansiering: GC Rieber Fondene, Kriminalomsorgen  
Involverte forskarar: Christian Gold, Anita Hansen, Liv Gunnhild Qvale.  
Prosjektleder: Christian Gold

#### **Effekten av individuell musikkterapi på livskvalitet, agitert åtferd og medisinerings hos personar med demens: pilotstudie**

Tidsperiode: august 2010-juli 2012  
Finansiering: GC Rieber Fondene, Universitetet i Bergen, Aalborg Universitet  
Involverte forskarar: Liv Gunnhild Qvale, Hanne Mette Ridder og Brynjulf Stige.  
Prosjektleder: Hanne Mette Ridder og Brynjulf Stige

#### **En systematisk evaluering av metoden Integrert musikk ved sykehjem (PhD-prosjekt)**

Oppstart: august 2006 (kandidat på deltid, prosjektet vert fullført i 2012)  
Finansiering: CG Rieber Fondene  
Kandidat: Audun Myskja  
Medrettleiar: Torgeir Brun Wyller (UiO)  
Hovudrettleiar: Brynjulf Stige

#### **In Visible Hands: A Multidisciplinary Collaborative Arts-based Research Project Exploring Meanings Given by Music Therapists Involved in Creative Music Action in Relation to Their Hands**

Tidsperiode: desember 2011-desember 2013  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Prosjektleder: Simon Gilbertson og Jill Halstead

#### **Making Music: Action, Embodiment, Health. Locating Music as Act and Activity in Contemporary Culture (postdoktorprosjekt)**

Tidsperiode: oktober 2010-oktober 2015  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Forskar/prosjektleder: Jill Halstead

---

## **Multiple Studies in the Field of Process-outcome Research. Mechanisms of Change in Music Therapy in Mental Health Care (Postdoktorprosjekt)**

Tidsperiode: April 2008 – April 2011  
Finansiering: NFR  
Forskar/prosjektleder: Karin Mössler  
Involverte forskarar: Christian Gold, Jörg Assmus, Tor Olav Heldal, Katharina Fuchs, XiJing Chen

## **Musikkterapi som behandlingsmetode i en barnevernsinstitusjon (PhD-prosjekt)**

Oppstart: august 2006 (kandidat på deltid, prosjektet vert fullført i 2012)  
Finansiering: Aleris Ungplan Region Vest (løn) / UiB (drift)  
Kandidat: Viggo Krüger  
Medrettleiar: Dagfinn Winje (Psykologisk Fakultet, UiB)  
Hovudrettleiar: Brynjulf Stige

## **Nettverket musikk og eldre: samarbeid om forskning og kunnskapsutvikling om musikk, musikkterapi og eldre**

Tidsperiode: september 2008-juli 2012  
Finansiering: GC Rieber Fondene  
Involverte forskarar: Solveig Hauge (UiO/HSF), Frode F. Jacobsen (HiB), Tone Sæther Kvamme (NMH), Audun Myskja (UiB), Hanne Mette Ridder (AaU) Brynjulf Stige (UiB)  
Prosjektleder: Brynjulf Stige

## **Perspectives on Music Therapy Theory**

Tidsperiode: august 2010-juni 2015  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Prosjektleder: Brynjulf Stige

## **Porten inn, vegen ut. Rockens rolle i musikkterapi innan kriminalomsorga (PhD-prosjekt)**

Tidsperiode: februar 2010-februar 2014  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Kandidat: Lars Tuastad  
Hovudrettleiar: Brynjulf Stige

## **Psykotiske pasienters erfaringer med musikkterapi (PhD-prosjekt)**

Oppstart: november 2009 (kandidat på deltid, planlagt fullført i 2013)  
Finansiering: Rådet for psykisk helse/Extrastiftelsen  
Kandidat: Hans Petter Solli  
Hovudrettleiar: Randi Rolvsjord.

## **Resource-oriented Music Therapy for Psychiatric Patients with Low Therapy Motivation: Randomised Controlled Trial**

Tidsperiode: januar 2008-februar 2011  
Finansiering: Norges forskningsråd (Program Psykisk helse)  
Involverte forskarar: Christian Gold, Denise Grocke, Tor Olav Heldal, Karin Mössler, Randi Rolvsjord, Lars Tjemsland, Trond Aarre, og ca. 40 andre  
Prosjektleder: Christian Gold



---

## Sense of Relation: An Inquiry into the Cross-modal and Cross-functional Nature of the Senses in Perception and Cognition

Tidsperiode: august 2011-august 2013  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Prosjektleder: Simon Gilbertson

### Urolige barn. En undersøkelse av begrepet "uro" i barnehagen i en musikkterapeutisk kontekst (PhD-prosjekt)

Tidsperiode: august 2011-juli 2016  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Kandidat: Anna Helle-Valle  
Medrettleier: Per Einar Binder og Normann Andersen (begge RKB, Uni Helse og Psykologisk Fakultet, UiB),  
Hovedrettleier: Brynjulf Stige

## Arbeid med SFF-søknad

Som omtala i Del I, arbeidde fagmiljøet i 2011 med å utvikle ein søknad om status som senter for framifrå forskning (SFF). Brynjulf Stige var prosjektleder for arbeidet, med Christian Gold, Kirsti Malterud, Even Ruud og Geir Olve Skeie som aktuelle prosjektledarar for fire ulike delprosjekt/undergrupper. Heile fagmiljøet deltok i arbeidet med å utvikle søknaden, som fekk tittelen "GAMUT Centre for the Study of Music and Change". Hovudmålet for det omsøkte prosjektet vart formulert slik:

To identify how and why music works for change, through advanced empirical research and theory development that synthesizes interdisciplinary perspectives on music therapy in clinical and everyday contexts.

Hovudmålet var altså teoriutvikling, basert på empirisk forskning (kvantitative og kvalitative undersøkingar) og teoretiske syntesar av fleirfaglege perspektiv. Delmål var knytt til undersøkingar av nevrorehabilitering og hjernefunksjonar, komplekse intervensjonar for personleg endring, ressursmobilisering og empowerment i lokalsamfunnet og musikk som helseressurs i kvardagslivet. Evalueringa frå det internasjonale ekspertpanelet kom i november, med særleg positiv tilbakemelding og topp evalueringsskår på alle punkt, men likevel med nokre kommentarar, m.a. om at formidlingsplanen kunne verte meir konkret. Det tverrfaglege fokuset og ambisjonen om teoriutvikling vart særleg positivt framheva av panelet

## Arbeid med musikkterapiutstilling på VilVite

GAMUT samarbeidde tett med opplevings- og læringscenteret VilVite gjennom heile året, med utvikling av ei ny (permanent) musikkterapiutstilling,

kalla "Samspill – en utstilling om musikkterapi". Gjennom seks ulike installasjonar søkjer utstillinga å kaste lys over det helsefremmande samspelet som kan oppstå i møtet mellom menneske og musikk. Etter det vi veit, er dette det første opplevings- og læringscenteret for vitskap med ei slik utstilling. Utstillinga vart synt fram for publikum for første gong 2. desember, under konferansen *Musikkens virkning*, medan offisiell opning (med helseministeren) er planlagt i januar 2012. Følgjande fem tilsette ved GAMUT har vore involverte i dette arbeidet i ulike roller i 2011: Simon Gilbertson, Anna Helle-Valle, Rune Rolvsjord, Geir Olve Skeie og Brynjulf Stige.

## Tidsskriftsdrift

### Nordic Journal of Music Therapy (NJMT)

Tidsskriftet var etablert i 1992, med Brynjulf Stige som initiativtaker og første redaktør. Redaktør sidan 2006 er Christian Gold. Frå og med 2011, kjem NJMT ut med tre papirutgåver per år. I tillegg kjem ei fyldig heimeside med utvalde tekstar, bokmeldingar, debattar og diverse informasjon. NJMT er eit internasjonalt nivå-2-tidsskrift. Samarbeid med Routledge (Taylor & Francis) vart etablert i 2008 og fungerer godt. Innføring av programmet Manuscript Central gjev profesjonell handtering av vurderingsprosessen frå innlevering og fram til publisering. Distribusjonen av tidsskriftet er også styrkt.

### Voices: A World Forum for Music Therapy

Dette verdsomspennande tidsskriftet og forumet vart etablert i 2001 og er publisert elektronisk. Brynjulf Stige og Carolyn Kenny var dei første redaktørane

og har framleis denne rolla, men redaksjonen har no vorte styrkt med ein tredje medredaktør, nemleg professor Cheryl Dileo frå Temple University, Philadelphia, USA. Siktemålet med å knyte til seg Dileo er å styrkje forskingsdimensjonen av tidsskriftet. Tidsskriftet er publisert som Open Access og er rangert som eit nivå-1-tidsskrift.

Voices er utvikla som eit inkluderande forum for publisering i ulike sjangrar, samstundes som profilen som fagfellevurdert internasjonalt tidsskrift vart styrkt i 2011, m.a. med Karin Mössler i rolla som associate editor med særleg ansvar for denne delen av tidsskriftsdrifta.


## Publisering og andre formidlingsoppgåver

Her gjev vi eit oversyn over publisering og annan formidling ved GAMUT. Sjå vedlegg 4 for referansar.

### Artikkelpublisering

Forskarar frå GAMUT er i 2011 førsteforfattarar på 6 artiklar i internasjonale tidsskrift med fagfellevurdering (derav 1 som er ei omsetjing av tidlegare publisert artikkel). Vidare er forskarar frå GAMUT medforfattarar av 2 artiklar i internasjonale tidsskrift med fagfellevurdering og førsteforfattarar av 1 artikkel i andre tidsskrift.

Nordic Journal of  
Music Therapy



20 (3) 2011

Nordic Journal of Music Therapy er eit fagfellevurdert vitenskapleg tidsskrift på nivå 2 som kjem ut med to nummer i året.

NJMT vert publisert i samarbeid med Routledge og er mellom anna indeksert i Social Sciences Citation Index®, PsycINFO, RILM og CINAHL

[www.tandfonline.com/rnjm](http://www.tandfonline.com/rnjm)

### Bokkapittel og bøker

I 2011 publiserte fagmiljøet 8 bokkapittel, på amerikanske, austerriske, norske og tyske forlag.

### Annan publisering

I 2011 publiserte forskarar frå GAMUT 5 leiarartiklar og 3 bokmeldingar.

### Føredrag på internasjonale og nasjonale konferansar

I 2011 hadde forskarar frå GAMUT 7 føredrag på internasjonale konferansar og 25 føredrag på nasjonale konferansar.

### Kurs og føredrag

I tillegg til bidrag på internasjonale og nasjonale konferansar, har dei fagtilsette i GAMUT i 2011 gjennomført ei lang rekkje føredrag og kursopplegg i ulike samanhengar, sjå Vedlegg 4.

### Film

Filmar inngår i dag som ein viktig del av GAMUT sitt kommunikasjons- og formidlingsarbeid.

*Lyden av liv:* Denne filmen vart produsert i 2009 og omhandlar musikk og musikkterapi i eldreomsorga. Filmene er fullfinansiert av GC Rieber Fondene, slik at aktuelle fagmiljø og fagpersonar kan få gratis eksemplar. Ca 450 nye eksemplar er distribuerte i løpet av 2011 (1. opplag var på 1000 eksemplar. 2. opplag på 500 eksemplar blei bestilt hausten 2010 og distribuert i løpet av 2011).

*Hele livet:* Denne informasjonsfilmen vart laga hausten 2011, med tanke på bruk ved opninga av "Samspill – en utstilling om musikkterapi" ved VilVite og for vidare bruk i det daglege informasjonsarbeid

# Voices

A WORLD FORUM FOR MUSIC THERAPY

Voices er eit internasjonalt forum for musikkterapi med eit fagfellevurdert tidsskrift på nivå 1.

Voices vert publisert som Open Access og er tilgjengeleg frå:

[www.voices.no](http://www.voices.no)

om fag og utdanning. Filmen vart finansiert av Griegakademiet/UiB, Uni Helse/Uni Research og Haukeland universitetssjukehus/Helse Vest og trykt opp i 1000 eksemplar, slik at aktuelle fagmiljø og fagpersonar kan få gratis eksemplar. Med utgangspunkt i to eksempel, eitt frå musikkterapi med førskuleborn og eitt frå psykisk helsevern for vaksne, prøver filmen å få fram korleis musikkterapi gjev rom for å arbeide med kommunikasjon, relasjonar, meistring og livskvalitet. Frå GAMUT var Anna-Helle Valle og Brynjulf Stige involverte i utviklinga av denne filmen.

### Seminararrangering

Seminar som GAMUT har arrangert eller vore med på å arrangere i 2011 inkluderer:

- 25. februar 2011: Musikkterapi og den kontekstuelle modellen for psykoterapi. Foredrag av Bruce Wampold (University of Wisconsin) og frå GAMUT: Randi Rolvsjord, Christian Gold og Jörg Assmus. Seminaret sprang ut av kvalitative og kvantitative prosjekt ved GAMUT knytt til ressursorientert musikkterapi.
- 18. mars 2011: Ope seminar i "Nettverket musikk og eldre". Tema: "Etablering av musikkterapi som et behandlings- og miljøtiltak på sykehjemmet: erfaringer og muligheter". Temaet vart belyst med foredrag frå ulike fag og fagmiljø: Hanne Mette Oschner Ridder (Aalborg Universitet), Gerd Torbjørg Åmdal (Bergen kommune), Silje U. Dæhlie (Lambertseter alders- og sykehjem), Frode Aa. Kristiansen (Furuset sykehjem), Britt Løvsstakken (Bergen Røde Kors sykehjem).
- 14.-17. juni 2011: Eit internasjonalt orientert forskingsseminar arrangert av Høgskulen Stord/Haugesund og Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies, der GAMUT er involvert. Tema: "Aesthetic and Creative Learning Processes: For all? Anywhere?" Frå GAMUT deltok Viggo Krüger, Brynjulf Stige og Lars Tuastad med foredrag. Krüger hadde elles prøvedisputasen sin på dette seminaret.
- 20. oktober 2011: Ope seminar i "Nettverket musikk og eldre". Tema: "Ny kunnskap om psykososiale intervensjoner i eldreomsorgen", med vekt på nye masteroppgåver ved UiB om musikkterapi og eldreomsorg (m.a. ved Sunniva Ulstein Kayser, Camilla Erlandsen og Marte Mari Østerhagen). Andre førelesarar: Hanne Mette Oschner Ridder (Aalborg Universitet), Minna Hynninen (NKS Olaviken Alderspsykiatriske Sykehus/poliklinikk og Universitetet i Bergen) og Frode Aa. Kristiansen (GERIA, Furuset sykehjem).
- 28. november – 1. Desember 2011: Forskarutdanningskurs "Performing sound and sentiment, self and society". Arrangert av Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies. Keynotes: Trygve Aasgaard (Høgskolen i Oslo og Akershus), Hans Knut Sveen (Universitetet i Bergen), Tiri Bergesen Schei (Høgskolen i Bergen), Jill Halstead (Universitetet i Bergen, GAMUT).
- 2. desember 2011. Konferansen "Musikkens virkning" 2011, arrangert av Musikknett Vest i samarbeid med Holbergdagene i Bergen. Tema. "Ny kunnskap om musikkterapi". Som ny vinkling av denne årlege konferansen, vart 2011-konferansen spissa inn mot eitt fagområde, denne gongen med GAMUT som ansvarleg for å arrangere ein musikkterapikonferanse, knytt til den første offentlege visninga av "Samspill – en utstilling om musikkterapi". Internasjonal gjest var Joke Bradt, Drexel University, Philadelphia, medan følgjande forskarar frå GAMUT deltok med foredrag: Simon Gilbertson, Christian Gold, Anna Helle-Valle, Viggo Krüger, Randi Rolvsjord, Wolfgang Schmid, Brynjulf Stige og Lars Tuastad, sistnemnde med sine medforskarar i "Me and THE BANDit's".

Slike opne fagseminar er viktige for formidling og for utvikling av tverrfaglege dialogar. Det vil difor vere naturleg å vidareføre denne type aktivitet også i 2012.

## DEL 4: PRIORITERTE SATSINGAR OG VIDARE UTVIKLING

### Rammer for utvikling

Sidan etableringa av GAMUT i 2006, har den faglege utviklinga vore jamt positiv. 2011 var ikkje noko unntak i så måte, der vi i særleg grad har vore aktive på formidlings- og informasjonssida, m.a. med fleire store seminar, produksjon av ein informasjonsside og samarbeid om ei ny musikkterapiutstilling ved opplevings- og læringssenteret VilVite.

